



**Leifen
tek
tempen**

“Og vannet steg...”

Etter ein slapp start på sesongen blei det endeleg fart i sakene etter det kraftige regnet den siste tida. Den siste veka har elva vore nett slik vi ynskjer; passe stor og fin på farge. Vatnet er framleis litt for varmt, men det ordnar seg nok snart med det været vi no har.

Dessverre ser det ut til at det ikkje er like mykje fisk i sjøen i år som vi har vore vande med dei siste åra. Det er spesielt tert (laks under 3 kilo) som manglar. Søndag/måndag burde det blitt tatt tertar i bøtter og spann om alt hadde vore som det skulle. Slik gjekk det ikkje. Berre nokre få kom på land, så vi har nok ein svakare årsklasse med tert i år.

Større fisk ser det heldigvis ut til å vera meir av. Fleire fine laksar frå 3 kilo og oppover til 10 er komne på land, i tillegg til at fleire er mista. *Bård Askeland* mista ikkje mindre enn 3 laksar onsdag – av og til klaffar det ikkje.

Storfangst

Den klart heldigaste så langt er utan tvil *Kevin Glover*. Skotten, som har fiska titt og ofte dei siste åra i Oselva utan å få laks, drog skikkeleg til tysdag ettermiddag. Heilt åleine var han då storlaksen tok på ein spinnar. Etter ein 20-minuttars hard kamp klarte han å få laksen på land – 100 meter lengre nede i elva.

Spinnaren som laksen blei

tatt på er lokalprodusert. På ein tidlegare fisketur fekk Kevin to spinnarar av *Peder Moesgård*. Ein skotte i Oselva med ein spinnar laga av ein danske på Os – det *må* berre bli laks av det.

Større laks har det vel ikkje blitt tatt på lokalprodusert sluk i Oselva sidan *Peder Tveit* slutta å laga slukar på 70-talet.

Fiske framover

Slik det no ser ut blir det fine forhold i elva neste veke òg. Mindre vatn blir det etter kvart om det ikkje kjem endå meir regn, men nok vatn blir det uansett til godt ut i neste veke. Og flogefisket blir berre betre når elva blir litt mindre, i alle fall i nedste del av elva.

Andre elvar

For min eigen del har eg vore på ein skikkeleg lang fisketur siste tida. Eg og 10 til (2 av dei osingar) kom søndag heim frå Varzuga; ei lita elv på Kola i Russland. Mekan til flogefiske som det du finn her skal du leita lenge etter. Men skulle du få lyst til å reisa på fisketur til Kola, så hugs rikelege mengder myggolje, solkrem og gnagsårplaster!

Elles veit eg at det er osingar som no fiskar både i Trøndelag og Finnmark, så det blir spanande å høyra med dei når dei kjem heim att. Skitt fiske!



Kevin Glover med eit prakteksemplar av ein villaks tatt tysdag ettermiddag i Kvernhusløen. 10,3 kilo er ikkje kvar-dagskost i Oselva. Legg merke til fargen på vatnet. Finare forhold kan du vanskeleg få. (Foto: Leif Juvik)